

Høyringsinstansar

11.06.2024

Melding om oppstart av planarbeid - Detaljregulering for fritidsbustader - Grindheimsvågen 14/21 m.fl., Bømlo kommune. Plan-ID: 4613_202401

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-8 vert det med dette meldt at ABO Plan & Arkitektur Stord AS på oppdrag for tiltakshavar Ole Martin Torkelsen m.fl., set i gang arbeid med detaljregulering for fritidsbustader - Grindheimsvågen, 14/21 m.fl., Planid 202401, Bømlo kommune. Oppstartsmøte vart gjennomført 22.03.2024.

Planstatus og føremål

I gjeldande kommuneplan er planområdet sett av til fritidsbebyggelse, småbåtanlegg, boligbebyggelse og hamn. Området er ikkje tidlegare regulert. Delar av tilkomstvegen er regulert i plan 201509, bustad- og fritidsområde Tressvik. Mindre delar av denne planen vil verta oppheva som del av planarbeidet, jf. plan- og bygningslova § 12-14.

Detaljreguleringa sitt hovudføremål er å legge til rette for vidare bygging av fritidsbustadar med tilhøyrande småbåtanlegg, tilkomst og parkering. Bømlo kommune har i tillegg kravd utvida planområde for å få regulert tilgrensande areal, samt kommunal båthamn.

Planområdet

Storleiken på planområdet er om lag 17 daa. Avgrensinga av planområdet er synt på vedlagt kartutsnitt.

Planområdet er avgrensa med bakgrunn i kommuneplanen sitt avsette areal til fritidsbustad, bustad, tiltakshavarane sine eideomar, samt behov for infrastruktur og heilskap i området. Det er og stilt krav om at ein viser vegtilkomst fram til kryss med Grindheimsvegen. Innanfor området er det i dag 4 eksisterande bustadar, 3 fritidsbustadar, 1 naust, 1 eldre bygg, kaiar med flytebrygge, parkeringsareal og tilkomstveg. Det er planar for å regulere 6 nye fritidsbustader innanfor området, endre eksisterande naust til fritidsbustad og legge til rette for småbåtanlegg og parkering. Ein skal også regulere inn gangveg langs sjøen fram til kommunal båthamn.

Viktige utgreiingar

Det er vurdert konsekvensutgreiing etter KU-forskrifta. Planframlegget er i hovudsak i samsvar med overordna planar. Sjøområdet er vist til bruk- og vern av sjø og vassdrag, men då området ligg i eit delvis etablert område, med etablert kommunal småbåthamn og elles etablerte kaiar langs sjølinja, er det vurdert at planen ikkje fell inn under konsekvensforskrifta.

Sjølv om planen ikkje utløyser krav til konsekvensutgreiing krev pbl § 4-2 at verknadar av planframlegget vert vurdert. Særleg vil vurderingar knytt til naturmangfald, friluftsliv, strandsone, landskap og andre ålmenne interesser leggast vekt på. Sjå planinitiativet og referat frå oppstartsmøtet for detaljar.

Saksdokument og merknader

Eventuelle synspunkt på planen skal sendast skriftleg

innan høyringsfristen: **09.08.2024**

til postadresse: **ABO Plan & Arkitektur Stord AS, Postboks 32, 5401 Stord**

eller e-post: **poststord@abo-ark.no / hageberg@abo-ark.no**

Det er ikkje naudsynt å sende kopi av merknader og innspel til kommunen – dette vil ABO Plan & Arkitektur Stord AS ivareta i samband med innsending av planframlegg.

Oppstartsmelding, planinitiativ og referat frå oppstartsmøte er tilgjengeleg på kommunen si heimeside/planregisteret, samt ABO sine nettsider:

www.bømlo.kommune.no eller <https://abo-ark.no/aktuelt/#reguleringsplaner>

Vidare arbeid

Etter at fristen for merknader er gått ut, vil ABO utarbeide eit planframlegg som inneheld planomtale, plankart og føresegner. Ferdig planforslag vil så verta sendt kommunen for handsaming. Etter 1. gangs politisk handsaming vert planframlegget sendt på ny høyring og lagt ut til offentleg ettersyn. Det vil også då vera moglegheit for å koma med merknadar til planframlegget før ny politisk handsaming av planforslaget.

Med venleg helsing

ABO Plan & Arkitektur Stord AS

Merete Refstie Hageberg

Vedlegg

- Oversiktskart
- Planavgrensing